

Samar i dag

Samane er urfolket i Noreg. Dei busette seg i nord for fleire tusen år sidan. Området dei slo seg ned i vert kalla Sápmi, og betyr «samisk land». Det strekkjer seg over nordlege delar av Noreg, Sverige, Finland og Russland.

I dag bur dei fleste samar i Sápmi. Det bur òg mange samar i andre delar av landet.

Tidlegare levde samane av det naturen gav dei. Samane dreiv med jakt, fangst og fiske.



Sametinget.

Reindrift var òg viktig. Reinen gav mat, klede, reiskapar og transport. I dag jobbar dei fleste samar i andre yrke. Reindrift er framleis viktig for samisk kultur og identitet.

Sametinget er samane sitt folkevalde parlament i Noreg. Det arbeider for å styrkje samisk språk, kultur, rettar og samfunn. Det blir halde val til Sametinget kvart fjerde år.

Samane har to nasjonaldagar. Noreg sin nasjonaldag er 17. mai. I tillegg markerer samane sin eigen nasjonaldag. Samene sin nasjonaldag, også kalla samefolkets dag, er 6. februar.

Spørsmål til teksten:

1. Kvar bur samane i dag?

2. Kva arbeider Sametinget for?

3. Kvifor kan vi seie at reindrift er viktig for samisk kultur og identitet?

4. Kvifor har samane to nasjonaldagar?
